

Referat - Arbeidsgruppe for overgang elevar og tilsette.

26.11.25

Statusoppdatering frå skulane:

Ulstein:

Nokre av tilsette uttrykkjer usikkerheit og stress knytt til at dei ikkje veit kva som skal skje framover. Det er sett inn tiltak , mellom anna har verneombod har hatt samtaler med bekymra kollegaer. Ein ser at situasjonen påverkar tilsette og tek dette på alvor.

Har gjennomført eit godt elevrådsmøte med arbeidsgruppa for trafikksikring.

Har gjennomført møte med FAU.

Ulsteinvik barneskule:

Deltok på FAU møte på Ulstein skule. Det var eit anna perspektiv i dette møtet enn det ein møter i foreldregruppa til elevane på UBS.

Har starta på overgangsmøte for elevar som skal ha særskilt oppfølging.

Tenkjer mykje på organisering og framtida. Enkelte tilsette ved Ulsteinvik barneskule er uroa og ein ser at det er viktig at ein er god på informere undervegs.

Utfordringar framover:

Tomas Myklebust kom med innspel på korleis vi kan ta i vare våre tilsette i ei usikker tid. Lag rom for å snakke om korleis ein har det og å snakke om kva som er vanskeleg.

Det kan vere lurt å dele inn prosessen i steg. Slik at ein veit kva som skal skje innanfor dei ulike tidsbolkane.

Kva må kommuniserast ut no?

Det vert sendt ut brev til tilsette om kva som skjer vidare i høve nedbemanning. Tilsette frå personalavdelinga vil besøke alle skulane og informere.

Oppgåvene til lærarane på trinna vert å planlegge aktivitet for våren 26.

Sikre at føresette er informert.

Informasjon om aktivitet som skal gjennomførast våren 26 vert sendt ut i løpet av januar.

Kven gjer kva til neste møte?

Karen sender e-post til rektorane med mal som skal nyttast til planlegging av våren 26.

Rektorane vurderer om dei treng å vidareforedle malen og har ansvar for å sende vidare til sine tilsette med informasjon om korleis denne skal brukast på trinna. Ein må sette av tid til samarbeid for lærarane våren 26.

Lærarane fyll inn og planlegg aktivitet.